

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 01/19

Dato: 23.01.2019 kl. 10.00-10.45.

Stad: Kommunehuset, videokonferanserommet

Til stades:

Knut H. Nomeland, leiar
Gyro K. Uppstad
Steinar H. Homme (vara for Ann Christin Jacob)

Kent M. Lund og Kjell Ove Tveiten hadde forfall. Ann Christin Jacob møtte ikkje.

Dessutan møtte:

Revisjonssjef Tor Ole Holbek
Revisor Tommy Pytten
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og sakslista.

SAKSLISTE

SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEBØKER
SAK 02/19 BREV FRÅ 5 KOMMUNESTYREMEDLEMMER - UTGREIING
SAK 03/19 MØTEPLAN 2019
SAK 04/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Fast post: Revisor orienterar

Eventuelt

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Valle, 22.11.2018

Godkjenning av møteboka:

Knut H. Nomeland Gyro K. Uppstad Steinar H. Homme

Utskrift vert sendt til:

Kontrollutvalets medlemmer og varamedlemmer, ordfører, rådmann, revisor, Gunn Marith Homme og Setesdølen

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 23.01.2019

Valle kontrollutval

SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEBOK

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møta 22.11.2018 vert godkjend.

SAK 02/19 BREV FRÅ 5 KOMMUNESTYREMEDLEMMER- UTGREIING

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek utgreiinga til etterretning.

Saka vert send til kommunestyret for oppfølging av dei konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i utgreiinga.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 02/19 BREV FRÅ 5 KOMMUNESTYREMEDLEMMER - UTGREIING

Vedlegg:

- Brev frå 5 kommunestyremedlemmer
- Utgreiing frå Agder Kommunerevisjon IKS

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har motteke brev frå 5 kommunestyremedlemmer, datert 14.11.2018, kor dei stiller spørsmål med handsaminga i kommunestyret i sak 39/18. Saka gjeld Ny brannstasjon i Valle, kjøp av Øyvegen 4 frå Setesdalsbygg AS.

Spørsmåla som vert stilla er:

1. *Når Valle kommune skal skaffe ny brannstasjon i Valle og vel å ikkje byggje i eigen regi. Kan ein berre gå til ein aktør og innleie forhandlingar?*
2. *Valle kommune kjøper eigedomen «som den er». Kan kommunen etter å ha kjøpt eigedomen gå i forhandling med Setesdalsbygg AS om opprusting av anlegget utan å konkurransutsette det?*
3. *Prisen på eigedomen er fastsett utan at det føreligg nokon takst eller vurdering av marknadsverdi. Meiner kontrollutvalet at ein i denne saka har hatt gode nok prosedyrar til å fastsette rett pris? Bør ein takst og ein vurdering av marknadsverdi ligge til grunn for forhandlingane?*

Kontrollutvalet drøfta brevet i sitt møte 22.11.2018, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«Kontrollutvalet oversender brev datert 14.11.2018 frå 5 kommunestyremedlemer til Agder Kommunerevisjon IKS for utgreiing.»

Utgreiinga frå Agder Kommunerevisjon IKS er motteke 20.12.2018.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Ein syner til utgreiinga som ligg med saka.

Her vil ein nemne revisjonens konklusjonar og tilrådingar.

På spørsmål nr. 1 er konklusjonen:

«Når det er fastsatt i formannskapet at man ønsket å undersøke muligheten for å kjøpe den eksisterende brannstasjonen hadde kommunen adgang til å gå direkte til eier for å fremforhandle en kjøpsavtale.»

På spørsmål 2 er konklusjonen:

«Det vil være i strid med lov og forskrift om offentlige anskaffelser dersom kommunen går i forhandling med Setesdalsbygg AS om opprustning av anlegget utan å konkurransesutsette det.»

Rådmannen oppga i møte med revisjonen den 6.12.2018 at det ikkje vil bli startet forhandlinger med Setesdalsbygg AS om utvidelse av avtalen til også å omfatte ombygging. Kommunen vil gjennomføre anskaffelsen av ombyggingen som en seperat prosess i tråd med de relevante regler i forskrift om offentlige anskaffelser.»

På spørsmål nr. 3 kjem revisjonen med nokre tilrådingar om tiltak som vil styrke kommunen si internkontroll ved kjøp/sal av slike eigedomar med utgangspunkt i kommunelova § 23 andre ledd og rettleiar gjeven ut av KS, «Rådmannens internkontroll».

Revisjonen tilrår at:

«Der anskaffelsesreglementet ikkje kommer til anvendelse er det revisjonens oppfatning at kommunen bør ha tilstrekkelig internkontroll som sikrer at anskaffelsesprosessen foregår på en måte hvor fellesskapets midler blir vel ivaretatt. Dette bør gjøres ved at man har rutiner for håndtering av slike kjøp/sal i kommunen og rutiner som sikrer at man dokumenterer alle ledd i prosessen. Slike rutiner bør videre inneholde vurdering av habilitet.»

Revisjonen har fått opplyst at Valle kommune ikkje har retningslinjer eller rutiner som angir hvordan saksbehandler skal gå frem i en sak som denne. Revisjonen vil derfor anbefale at slike rutiner utarbeides for å oppfylle kravet til god internkontroll, jfr. Kommunelovens § 23 annet ledd. Revisjonen vil videre anbefale at kommunen under hensyn til god internkontroll ikkje stiller med en person i slike forhandlinger, men enten et forhandlingsutvalg alternativt med fleire personer. Ved å stille med fleire personer frå kommunen sikrer man i større grad god kvalitet og kontroll og det er langt lettere å tilfredsstille dokumentasjon av prosessen.»

I samsvar med krav til god internkontroll vil revisjonen anbefale at man ved slike kjøp/sal innhenter verdivurdering før transaksjonen gjennomføres. En slik verdivurdering/takst vil sikre en objektiv vurdering av pris, samtidig som man får dokumentert grunnlaget for avtalen.»

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek utgreiinga til etterretning.

Saka vert send til kommunestyret for oppfølging av dei konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i utgreiinga.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

SAK 03/19 ÅRSPLAN FOR 2019

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsplan for 2019.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 03/19 ÅRSPLAN FOR 2019

Vedlegg:

- Framlegg til årsplan for 2019.

Sekretariatet har laga eit framlegg til årsplan. Ein gjer framlegg om 4 møter i dette utvalet før kommunevalet 2019.

Det kan verta aktuelt å endre på datoar, fordi m.a. tidspunkt for handsaming av årsrekneskapen for kommunen er usikker. Ein vil be utvalet sine medlemmer om å kome med innspel på orienteringar, informasjon osv. som er ynskjeleg i 2019.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsplan for 2019.

3. Møteplan

Dato	Saker til handsaming (førebels oversikt)
Onsdag 23.01.2019	<ul style="list-style-type: none">• Årsplan 2019• Utgreiing frå revisor• Aktuelle saker
Onsdag 27.03.2019	<ul style="list-style-type: none">• Internkontroll - orientering• Aktuelle saker
Onsdag 15.05.2019	<ul style="list-style-type: none">• Kommunerekneskapen for 2018• Årsrekneskapen 2018 for Øyane Industribygg Valle KF• Aktuelle saker
Onsdag 04.09.2019	<ul style="list-style-type: none">• Forvaltningsrevisjonsrapport• Budsjett for Kontroll og Tilsyn 2020• Selskapskontroll Konsesjonskraft IKS• Aktuelle Saker
????????????	

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

SAK 04/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Samrøystes vedtak:

Basert på revisors eigen vurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillir kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

SAK 04/19 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRA REVISOR

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringer frå oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Tommy Pytten.

Saksopplysningar

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av revisjonsforskriftas § 15 kvart år gje ei skriftleg eigen vurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigen vurdering tilseier at revisor tilfredsstillir de krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og revisjonsforskrifta.

Framlegg til vedtak:

Basert på revisors eigen vurdering av sin uavhengighet meiner kontrollutvalet at det kan konkluderes med at revisor tilfredsstillir kommuneloven og revisjonsforskriftas krav til uavhengighet.

Fast post: Revisor orienterar

Revisor orientera om kva område dei vil sjå særskilt på i samband med revisjon av kommunerekneskapen for 2018.

Eventuelt

Kontrollutvalet vil invitera rådmannen til møtet 23. mars for å få ei orientering om arbeidet med å forbetre internkontrollen i kommunen.